

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 16.10.2008 **Tid:** 15.00 – 17.15

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte alle.

Andre som var tilstades på møtet:

Leiar av teknisk eining var til stades under første meldinga.

Personalsjef var til stades under andre melding om bemanning ved teknisk eining

Adm. Sjef og ass. Adm. sjef

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 20. oktober 2008

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Industriområdet på Rolvsvåg og kaia på Rolvsvåg. Leiar av teknisk eining orienterte om kontakten med Os Skog m.fl. om etablering på Rolvsvåg. Avtaleutkast om sal av næringsareal i industriområdet og kva bedrifter som er tenkt lokalisert her vart informert om.

Utkast til ein avtale om leige av kaia på Rolvsvåg med mogleg opning for sal vart drøfta. Det var semje om at avtalen skal handsamast endeleg av kommunestyret.

Valstyret – Ordføraren orienterte om at det kjem inn ein del materiell. Det vil verta halde eige møte i valstyret. Det er ønskje om at medlemmane får kvar sitt eks. av vallova.

Tilbod frå **Arkitektøgskolen** om utstillingspaviljong. Kommunen melder tilbake at kommunen kan vera interessert å ta imot desse paviljongane.

Bemanning på teknisk eining vart drøfta.

UTVALET SITT KVARTER:

Det kom ikkje innspel under utvalet sitt varter.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0049/08	08/00409 TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - TORGER LANGELAND.
0050/08	08/00457 SAMARBEID OM NÆRINGSUTVIKLING I BJØRNEFJORDSREGIONEN
0051/08	08/00458 GODTGJERSLE TIL ORDFØRAR OG VARAORDFØRAR 2009

0049/08

TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - TORGER LANGELAND.

Handsaming i møte:

Vidar R Rolland sette fram slikt framlegg:

Torgeir Langeland får eit tilskot på kr 100.000. Tilskotet er vurdert ut frå kalkulert kostnad for oppføring av driftsbygningen med kr 1.840.000 med tillegg av udokumentert eigeninnsats. Det vert og vist til tilskot/rentekompensasjon via landbruksstyresmaktene.

Tilskotet skal førast i kommunereknekeskapen på konto nr. 1.1400.3251.4700 og vert å finansiera ved bruk av midlar frå næringsfondet.

Framlegget vert samrøystes vedteke.

Vedtak:

Torgeir Langeland får eit tilskot på kr 100.000. Tilskotet er vurdert ut frå kalkulert kostnad for oppføring av driftsbygningen med kr 1.840.000 med tillegg av udokumentert eigeninnsats. Det vert og vist til tilskot/rentekompensasjon via landbruksstyresmaktene.

Tilskotet skal førast i kommunereknekeskapen på konto nr. 1.1400.3251.4700 og vert å finansiera ved bruk av midlar frå næringsfondet.

Framlegget vert samrøystes vedteke.

0050/08

SAMARBEID OM NÆRINGSUTVIKLING I BJØRNEFJORDSREGIONEN

Handsaming i møte:

Marit A Aase sette fram slikt framlegg:

Bjørnefjorden Næringsutvikling (BNU) vert vidareført som eit samarbeidsorgan mellom kommunane Os, Fusa og Samnanger.

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe med ein representant frå kvar kommune som utarbeider budsjett og vedtekter for "det nye" BNU. Grappa skal arbeida tett opp mot fylkeskommunen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Bjørnefjorden Næringsutvikling (BNU) vert vidareført som eit samarbeidsorgan mellom kommunane Os, Fusa og Samnanger.

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe med ein representant frå kvar kommune som utarbeider budsjett og vedtekter for "det nye" BNU. Grappa skal arbeida tett opp mot fylkeskommunen.

0051/08

GODTGJERSLE TIL ORDFØRAR OG VARAORDFØRAR 2009

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå administrasjonssjefen.

Handsaming i møte:

Bright Olav Gåsdal sette fram slikt framlegg:

Godtgjersla til ordførar og varaordførar vert auka med 5 % frå 01.01.09.

Satsane i regulativet for møtegodtgjersle i Samnanger kommune aukar tilsvarande.

Framlegget vart samrøystes godkjend.

Vedtak:

Godtgjersla til ordførar og varaordførar vert auka med 5 % frå 01.01.09.

Satsane i regulativet for møtegodtgjersle i Samnanger kommune aukar tilsvarande.